



Finn Christian Skjennum i Tjeldbergodden Settefisk fortel at dei planlegg å bygge to store nye kar utvendig ved settefiskanlegget for å produsere post smolt.

(Arkivfoto: FiskeribladetFiskaren)

Eigarane skyt inn meir pengar i Tjeldbergodden Settefisk

Aksjonærene i Tjeldbergodden Settefisk går inn med nye millionar i selskapet. Pengane går til å planlegge utbygging av anlegget. Blir investeringa vedteken ventar nye emisjonar.

Joar Grindheim

Publisert: 24.02.2015 05:00 Oppdatert: 23.02.2015 18:50

- Det er henta inn ein mindre sum i ny eigenkapital for å gjennomføre planprosessen. Meininga er å starta opp utvidinga av anlegget i løpet av sommaren. Ei investeringsavgjerse vil truleg skje i slutten av april eller i starten av mai, fortel dagleg leiar Finn Christian Skjennum i Tjeldbergodden Settefisk til IntraFish.

I løpet av 2014 gjekk eigarane inn med rundt 7 millionar kroner i selskapet. I den siste emisjonen, som er registrert i Brønnøysundregistra i februar, vart ytterlegare rundt 1,3 millionar henta inn. Dersom ei utbygging vert vedteken, vil eigarane gå inn med ytterlegare pengar til finansieringa.

- Det er planen, ja. Utbygginga vil gje oss ein del meir volum utvendig, og planen er å utvide frå dagens seks store kar til åtte. Me utviklar ein del ulike alternativ for tomta og konseptet på Tjeldbergodden, fortel Skjennum.

Kor mykje den planlagde utviklinga vil koste, er for tidleg å seie no. Men første fase, som består i å bygge to nye store kar ute, vil gå raskt. Blir det byggstart til sommaren, vil utvidinga vere ferdig i haust.

Tjeldbergodden Settefisk satsar på produksjon av stor smolt. Selskapet kjøper mindre smolt av andre produsentar, og brukar anlegget sitt til produksjon av post smolt. I dag har dei avtale med Marine Harvest, men Skjennum fortel at det er fleire som er interesserte i stor smolt.

Økonomisk har selskapet hatt store tap dei siste åra. Også i fjor vart det raude tal, og det vil det truleg òg bli i år.

- Økonomien er på betringas veg. Dette er ei gradvis oppbygging. Det er risiko med produksjonen der me køyrer inn mykje fisk og leverer mykje fisk. I starten var det òg utfordringar med sjukdom. Neste år blir det større volum så det ser lysare ut, fortel Skjennum.

Selskapet har i dag løyve på 15 millionar smolt med dispensasjon til

Relaterte artikler

- Fortsatt store tap for Tjeldbergodden Settefisk
- Mange store anlegg innen settefisk
- Fire kan produsera stor smolt, fem på vent

alternativt å produsere 5 millionar stor smolt på opptil 1 kg.

- Me satsar no berre på post smolt, og det marknaden etterspør er fisk på rundt ein halv kg. Me vurderer òg produksjon av mindre smolt, fortel Skjennum.

Bak Tjeldbergodden Settefisk står investor Frode Teigen gjennom selskapet Kontrari, XXL-gründer Øivind Tidemandsen gjennom Dolphin Management og Tjeldbergodden Invest som har ei rekkje mindre aksjonærar i tillegg til at Dolphin Management eig 24,4 prosent. Både Kontrari, Dolphin Management og Tjeldbergodden Invest går inn med like delar i emisjonane, slik at dei framleis eig ein tredjedel kvar av selskapet.